
Saksnr: 2020/45655-7
Saksbehandlar: Gudrun Einbu

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020

Ekstrakostnader for skuleskyss knytt til smittevern vår 2020

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen bestille naudsynt tilleggskapasitet på skuleskyss for å sikre lovmessig tilbod og dokumentere meirkostnadene med dette.
2. Tiltak for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i skuleskyssen ut skuleåret 2019/2020 vil ha ein kostnad utover budsjett på om lag 5 mill. kr for buss og 15 mill. kr for drosje. Fylkesutvalet føreset statleg finansiering av meirkostnadene.
3. Viss det blir naudsynt med tilleggskapasitet på skuleskyss hausten 2019, føreset bestilling av denne tilsegn om statleg finansiering av meirkostnadene.

Samandrag

Våren 2020 er det innført nasjonale smittevernreglar for kollektivtransporten, inkludert skuleskyss med buss og drosje, på grunn av situasjonen med Covid-19-viruset. Dette gjer at Skyss/Kringom frå 11. mai ikkje har tilstrekkelege ressursar til å tilby skuleskyss til alle elevar med rett på skyss, eller som reiser kollektivt til og frå skulen.

Det er no jobba med å iverksette tiltak som kan betre kapasiteten i skuleskyssen der kommunane har meldt inn behov. Ein har per no ikkje full oversikt over behovet for ekstra kapasitet, og det er grunn til å tru at behovet kan endre seg dei neste vekene. Ut frå den informasjonen ein har no er det rekna at ein vil ha auka kostnader knytt til ekstra kapasitet på buss og drosje for skuleskyss ut inneverande skuleår på om lag 20 mill. kr. Det er knytt usikkerheit til denne summen.

Så langt har det ikkje vore signal eller konkrete løfte om statleg finansiering av dei auka kostnadene ein får med skuleskyssen. Dette må det bli arbeidd vidare med å få på plass.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Våren 2020 er det innført nasjonale smittevernreglar for kollektivtransporten, inkludert skuleskyss med buss og drosje, på grunn av situasjonen med Covid-19-viruset. Dette gjer at Skyss/Kringom frå 11. mai ikkje har tilstrekkelege ressursar til å tilby skuleskyss til alle elevar med rett på skyss, eller som reiser kollektivt til og frå skulen.

Dei ekstra kostnadene med skuleskyssen er ein avgrensa del av den totale økonomiske situasjonen knytt til kollektivtrafikken. Det totale biletet vert å koma attende til, og denne saka omhandlar berre situasjonen med skuleskyss i inneverande skuleår.

Fylkesrådmannen gjer med denne saka greie for meirkostnader for supplering av skuleskyssen som eit kortsiktig tiltak ut skuleåret 2019/2020.

Om skuleskyss og det fylkeskommunale ansvaret

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1, og rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1. Reglane om gratis skuleskyss skal bidra til å sikre lik rett til grunnopplæring uavhengig av økonomisk bakgrunn, fysiske føresetnader, bustad og geografi.

Skuleskyss er den daglege transporten mellom eleven sin heim og skule, og opplæringslova slår fast at fylkeskommunen har ansvar for gratis skuleskyss som blir innvilga på grunnlag av lang skuleveg, funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom. I Vestland fylkeskommune er Skyss/Kringom ansvarleg for skuleskyss og fattar vedtak om rett til gratis skuleskyss for Vestland fylkeskommune. I Vestland har om lag 27 000 elevar innvilga rett til skuleskyss på over 450 skular. I tillegg reiser mange elevar med våre skule- og rutebussar som ordinære kundar.

Organiseringa av skyssen skjer i samråd mellom kommune/skule og fylkeskommunen. I ein normalsituasjon nyttar ein om lag eit halvt år på å planleggje og setje i verk skuleskyssstilbodet kommande skuleår. Skulane har frist for innmelding av behov 1. mars, og tida fram til skulestart i august blir nytta til planlegging i Skyss/Kringom og hjå operatørane som skal utføre skyssen. Skuleskyssen blir utført med rutegåande kollektivtransport (inkl. buss, bybane, båt og ferje), med drosje (tilrettelagt skuleskyss) og som privat skyss med eige transportmiddel etter inngått avtale. Fylkeskommunen si organisering av skuleskyssen skal ivareta elevane sine rettar. Elevane skal bli frakta til skulen på ein trygg og god måte. Samtidig skal skuleskyssen gjennomførast innanfor økonomisk forsvarlege rammer. Dette inneber mellom anna at ein søker å samordne skuleskyssen med det ordinære rutegåande kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande og optimal utnytting av kollektivmidlane.

Skuleskyss våren 2020

Perioden frå mars 2020 har vore ekstraordinær på grunn av Covid-19-viruset. På grunn av smitteverntiltak har ein både hatt stenging av skulane og endringar i organiseringa av skulekvardagen. Dette har medført at Skyss/Kringom dei siste to månadene har gjort større endringar i skuleskyssen og det samla kollektivtilbodet i Vestland, med svært korte fristar. Etter at skulane stengte fredag 13. mars vart tilbodet redusert til sommarruter/skulefriruter for buss og bybane i heile Vestland. Det var i hovudsak ikkje behov for skuleskyssen, utover enkelte elevar for som fortsatt hadde rett til eit tilbod på skulen. Dei av desse elevane som hadde rett på skyss vart skyssa med drosje.

Måndag 27. april vart skulane opna for 1.-4. trinn. Ein gjekk då tilbake til tilnærma normalt rutetilbod i heile fylket, med unntak av skuleskyss for skular/klassar som framleis var stengd. Nokre stader var skuleskyssen styrka med ekstrabussar for 1.-4. trinn.

Frå måndag 11. mai opna skulane for alle klassetrinn. På grunn av krav til smitteverntiltak (avstand) både på skulane og i skuleskyssen vart det lagt opp til lokale løysingar for korleis skuledagen vart organisert. Frå same dag gjekk ein tilbake til normalt kollektivtilbod som før Covid-19-tiltaka, med skulekøyning. Rutetilbodet vart gjeninnført slik det var før skulane stengte 13. mars. Dette innebar at ekstra styrking som midlertidig var satt inn enkelte stader utgjekk, sidan bussane no måtte nyttast til den vanlege skyssen.

Det var svært kort tid frå avgjerda om gjenopning av alle skuletrinn torsdag ettermiddag 7. mai, til all skulekøyning i heile Vestland skulle vere tilbake på vegen morgonen måndag 11. mai. For å sikre at dette kom på plass vart det prioritert å sette i verk det skystilbodet ein hadde før skulane stengte, samt å sikre smittevern og trygge reiser. Det var avgjerande at skuleskyssen måtte gå med utgangspunkt i ordinære start- og sluttider for å få dette til.

For dei vidaregåande skulane er skuledagane i all hovudsak organisert slik at ein tek høgde for halvert kapasitet i skuleskyssen, og det har vore eit godt samarbeid mellom Opplæringsavdelinga og Skyss/Kringom om dette.

For grunnskulane har utfordringane vore større. Skyss/Kringom har i veke 20, da skulane starta opp, bedt kommunane melde inn dei viktigaste behova for kapasitetsauke i skuleskyssen. Det er store skilnader mellom kommunar og skular. Der skulen har kapasitet til å ha alle elevane på skulen heile dagar er utfordringa størst. Der det er meldt inn behov frå kommunane som har avgrensa økonomisk konsekvens, og som har vore praktisk mogleg å gjennomføre innanfor transportkontraktene, vart desse blitt iverksett i løpet av veke 21. Dei samla behova som er meldt inn frå kommunane utgjør ei omfattande auke i busskøyninga, som det ikkje er dekning for i budsjetta.

Tiltak som medfører ekstra kostnader

Det er no jobba med å iverksette tiltak som kan betre kapasiteten i skuleskyssen der kommunane har meldt inn behov. Ein har i første rekke forsøkt å skaffe denne køyninga gjennom transportkontraktane. Men sidan det ordinære rutetilbodet er gjeninnført er alle bussar og sjåførarar som Skyss/Kringom disponerer gjennom transportkontraktane i bruk i dei fleste områda av fylket. Det er dermed i liten grad ledig bussmateriell disponibelt innanfor dei gjeldande kontraktane. Ein har difor skaffa ekstra kapasitet gjennom enkle anbod i turbussmarknaden, i dei områda der dette har vore mogleg.

Ein har per no ikkje full oversikt over behovet for ekstra kapasitet, og det er grunn til å tru at behovet kan endre seg dei neste vekene etter som t.d. fleire foreldre ikkje lenger er på heimekontor og kan skyssse eigne born. Frå veke 22 er det iverksett supplering med utgangspunkt i behov innmeldt frå kommunane, og det blir arbeidd vidare med dette i veke 23. Ut frå informasjonen ein har no er det rekna at ekstra køyning med buss kan ha ein kostnad på om lag 5 mill. kr frå midten av mai og ut skuleåret 2019/2020.

Ein del av skuleskyssen er utført med drosje. Dette er av ulike årsaker - i hovudsak at eleven har særskilde behov for individuelt tilrettelagt skyss, eller at det ikkje er grunnlag for å setje opp buss på strekninga. Med smitteverntiltaka er det halvert kapasitet også i drosjene, med maksimalt to elevar. Dette gjer at det har vore behov for auke i drosjekøyninga for å dekke behovet. For drosjene har det vore mogleg å bestille denne ekstrakøyninga som vanleg gjennom kontraktane Skyss/Kringom har for dette. Det har stort sett vore tilstrekkeleg tilgang på drosjer, så supplering her har vore praktisk mogleg å gjennomføre frå skulane opna. Ein har enno ikkje full oversikt over dei ekstra kostnadene ved denne for inneverande skuleår, men ut frå informasjonen som føreligg er det vurdert å vere omkring 15 mill. kr. for perioden då skulane opna for 1. - 4. trinn og ut skuleåret.

Moglegheit for statleg finansiering

Det er gjennom våren rapportert til Samferdsledepartementet om inntektssvikt og forventa kostnadsauke for ekstra skuleskyss. Det er også arbeidd gjennom både KS og Kollektivtrafikkforeninga med å få fram dei økonomiske utfordringane fylkeskommunane står i når det gjeld kollektivtrafikken. Så langt har det ikkje vore signal eller konkrete løfte om statleg finansiering av dei auka kostnadene ein får med skuleskyssen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7: «Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.»

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka omhandlar ekstrakostnader utover budsjett som følgje av nasjonale vedtak knytt til Covid-19

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeskommunen ved Skyss/Kringom har som følgje av nasjonale smitteverntiltak for kollektivtrafikken hatt ein meirkostnad for skuleskyss. Krav til avstand mellom dei reisande skuleelevane med buss og drosje er omfanget av køyringa auka. Meirkostnaden er ut frå informasjonen som no føreligg rekna å vere om lag 20 mill. kr for skuleåret 2019/2020. Det er usikkerheit knytt til dette anslaget.

Fylkesrådmannen bestiller naudsynt tilleggskapasitet på skuleskyss for å sikre lovmessig tilbod og dokumentere meirkostnadene med dette. Fylkesrådmannen føreset statleg finansiering av meirkostnadene.

Viss det blir naudsynt med tilleggskapasitet på skuleskyss hausten 2019, føreset bestilling av denne tilsegn om statleg finansiering av meirkostnadene.